



Ove Myking
Erstadvegen 99 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1361 - 19/19407

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2019

Løyve til riving av vindfang og oppføring av tilbygg - gbnr 140/39 Erstad

Administrativt vedtak. Saknr: 366/19

Tiltakshavar: Ove Myking
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eksisterande vindfang oppføring av tilbygg med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 17 m² og bygd areal (BYA) ca. 19,2 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 6,5 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.05.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.05.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i arealdel av kommuneplanen for 2011 – 2023 er definert som LNF spredt, område for spreidd bustadbygging.
Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 20% BYA.

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med føresegn 5.14 i kommuneplanen sin arealdel.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå plankravet.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 19.03.2019.



På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere mindre enn 4 meter. Eigar av gnr. 140, bnr. 4 har i dokument datert 19.03.2019 samtykka til at tiltaket kan plasserast 3,4 meter frå nabogrensa.

Erklæring

Eigar av gbnr 140/4 har i erklæring om avstand til nabogrense forplikta seg til å holde evt. framtidig bebyggelse på sin eigedom i den avstand som Plan- og bygningslova måtte bestemme.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2. Tiltaket er knytt til privat vassverk og privat avlaupsanlegg.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for riving av eksisterende vindfang og oppføring av tilbygg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal oppførast og plasserast som vist i teikningar og situasjonsplan vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og innmålingsdata sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «19/1361»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Ove Myking

Erstadvegen 99 A 5911

ALVERSUND